

Manger, 23. september 2020

## Søknad om dispensasjon frå 100- meters belte

Ved dette skrivet søker eg løyve om å bygga le til sau på Søre-lamholmen, vest for Toska.

Vi har drift med Gammelnorsk sau og bruker utmarksarealet vårt til helårs-beite. For at væren ikkje skal gå med flokken året rundt brukar vi Søre-Lamholmen i tillegg. Der går væren med ein eller fleire andre vær når han ikkje går med flokken i paringstiden.

I paringtiden tar vi lamma som ikkje skal setjast på og flyttar dei til Søre Lamholmen slik at dei byter plass med vêren.

For at sauene skal kunna gå på Søre Lamholmen året rundt søkar eg løyve om å bygga le på ca 1,5 gonger 3 meter. For å kunna sleppa sauene i land på ein forsvarleg måte ønsker eg og å bygga ein liten brygga på 1 x 3 meter. Bryggen og skjulet blir bygd slik at ein enkelt kan ta det vekk igjen om vi ikkje skulle ha behov for å bruka holmen lenger.

Som vedlegg finn du "Samtykke til byggin av skjul til sau på søre lamholmen" fra dei som er deleier i eiendommen.

Med vennleg helsing

Willem Vogelaar  
Toskavegen 484B  
Gårds/bruksnummer: 4631-443/12  
5936 Manger  
Tlf. 47973670 / epost: wilco@vogelaar.no



